

Årsmelding for Soknepresten i Fitjar sokn for 2010

Fitjar 03.02.2011

Årsmelding for Soknepresten i Fitjar sokn for 2009

Samarbeid med Soknerådet – Fellesrådet

I fjor hadde vi møte kvar månad utanom juli. Det er ei utfordring at det sitjande rådet igjen skal skiftast ut alt to år etter at dei vart valde, det er nytt val til hausten.

Eg opplever at samarbeidet med soknerådet/fellesrådet er godt.

Utvala

Gudsteneste og offerutvalet

hadde møte 4 gonger gjennom fjoråret. Vi arbeidde mellom anna med forslag til ny liturgi, såg på forslag til ny salmebok og nye tekstrekker. Elles hadde vi oppe fordelinga av gudstenester, og diskuterte gudstenestelista slik eg sette henne opp. Vi sette og opp offerlister etter søknader, og vedteke fordeling.

Undervisningsutvalet

Fekk ein travel haust, og vi var saman 4 kveldar i løpet av hausten og arbeidde med dåpsopplæringsplanen, "Gud gir – vi deler". Dette arbeidet er særleg aktuelt no når vi er tildelt midlar til trusopplæring, og på Fitjar dreier det seg om nær 250000,- kroner i året. Undervisningsutvalet held fram arbeidet med dåpsopplæringsplan denne varen.

Diakoninemnda

Vi hadde 4 møte gjennom året. Arrangerte diakoniturar, diakonimiddag, fest for besøkarar, fest hamnahuset, blomehelsingar til runde dagar, og til enkjer/enkemenn som mista nokon i fjor.

Gudstenestene

Vi hadde 64 gudstenester på søn og helgedagar i fjor, med ei fordeling mellom sokneprest og kyrkjelydsprest slik 42/24 i tillegg var det 4 gudstenester ved Roald Drønen og Kåre Stølsnes. Eg opplever det slik at vi har eit rikt gudstenesteliv på Fitjar.

Vi hadde 15 familiegudstenester med til saman 2547 msk. gjennom året, og vi hadde 5 ungdomsgudstenester med 763 msk på. Mange born og unge har delteke, og hatt ulike oppgåver i desse gudstenestene, og det er bra oppslutnad om gudstenestene.

Men og til dei andre gudstenestene og høgmessene møter det jamt med folk. 5002 menneske fordelt på 42 gudstenester. På gudstenester i Fitjar kom der i snitt 129 menneske. Utan gudstenestene på bedehuset er snittet ca 150, då er snittet på bedehusa anslått til 40 per gudsteneste.

Det kom innspel frå bispedømerådet til å sjå på gudstenesteforordninga på nytt, og vi diskuterte fordelinga mellom kyrkja på Fitjar og bedehusa i soknerådet. I den gamle forordninga ligg det inne 12 gudstenester på bedehusa, ein i månaden. Vi diskuterte å ha søndagsgudsteneste kvar søndag i kyrkja kl.11, og evt. ha gudsteneste på bedehusa på ettermiddag kveld. Ved ei enkel rundspørjing var det få motsegner mot dette bortsett frå Øvrebygda, der ynskte dei å få halda på gudstenesta kl. 11.

Dette håpar eg vi kan ta tak i for å få ei best mogeleg fordeling av kyrkjelege tenester i kommunen vår.

Gåver

Også i fjor var kyrkjelyden god til å gje. 351.852,- kroner vart gjevne i takkoffer under gudstenestene, det var nesten 19.000,- meir enn året før, og eg synest det er flott. Ca. 220.000,- av desse midlane sende vi frå oss, med bøn om at dei må bli til signing for nesten vår andre stader, eg trur det er godt for kyrkjelyden å vera med og gi til misjon og til byggande arbeid andre stader.

Gudstenestene på Hamnahuset og FBB

Her har oppmøtet vore varierende dei siste åra. Frå ein god flokk til ingen, og vi har vel eit snittoppmøte på 10, annakvar veke året gjennom.

Medarbeidarar

I det daglege er vi ein liten stab Harald Johan Sandvik kyrkjevevjerje, Endre Inge Stokken kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar, Nobukazu Imazu kyrkjelydsprest, Eva P. Tufteland frivillig kontorhjelp, og underteikna sokneprest.

Mange flinke, meir og mindre faste vikarorganistar var innom gjennom fjoråret, litt fastare er kyrkjetenarane og klokkarane som gjer ein viktig jobb. Til gudstenestene har vi og stort sett hatt kyrkjevertar og folk som har teke seg av kyrkjekaffi, også det er viktig for å skape gode fellesskap og byggje kyrkjelyden.

Særleg vil eg nemna dei som har stått i bresjen for babysong og småbarnstreff gjennom 10 år. Dei har gjort eit fantastisk arbeid, og nått utruleg mange born og foreldre gjennom desse åra. Det er også godt å kunne visa til alt i dåpssamtalar at kyrkjelyden vår den har arbeid som er tirettelagt også for dei minste.

Utanom desse kunne vi nemnt fleire. Vi har ein vakker skog av menneske som er villege til å vera medarbeidarar ved ulike høve, både i ulike tiltak og i gudstenestearbeidet.

Vi har ein fantastisk ressurs i dei mange som stiller opp som frivillige medarbeidarar til ulike tenester.

Arbeid mellom born og unge

Vurdering av arbeidet mellom barn og unge på Fitjar

Det vert drive eit godt og breitt arbeid for born og ungdom på Fitjar. Babysong og Småbarnstreff er nemnd, i tillegg er det søndagsskular/klubbar og yngres i alle krinsane.

Det vert drive eit barnegospelkor på Fitjar bedehus, klubb for borna på mellomtrinnet, skulelag på Rimbareid. Her er Speidararbeid, Ten-sing, KRIK og U-Caf. Mange frivillige gjer ein uvurderleg innsats, og mange av gruppene har vore med som deltakarar og medarbeidarar ved ulike gudstenester.

I tillegg er det sjølvstøtt konfirmasjonsundervisning, og vi har høg oppslutning.

Kyrkjelydspresten er særskild viktig i dette arbeidet!

Kyrkjelydstur til Helgatun er blitt ein viktig og god tradisjon, og 80-90 menneske var på tur og i fjor.

Temakveldane vart arrangert månadleg, dette er verdfulle samlingspunkt og hadde mange viktige og godt besøkte samlingar. Det var konsertar og føredrag.

Bedehusa og kyrkja.

Slik eg ser det har vi eit godt samarbeid med dei ulike misjonsorganisasjonane og bedehusa. Kyrkjevevjerja deltek i samrådsmøte med Fitjar bedehus for å unngå at arrangement krasjar. Dette fungerer godt.

Barnehagen og barnehagane og kyrkja

Bakken Barnehage, soknerådsbarnehagen, er viktig i arbeidet mellom dei minste.

Presten deltek på samlingsstundar i barnehagen og borna er på vitjing i kyrkja ved fleire høve gjennom året. Vi har saman gjennomført kyrkjevandringar knytt både til påske og pinse, dei deltek og på familiegudsteneste om hausten.

Det er og ynskjeleg å finne måtar å samarbeida med dei andre barnehagane.

Kyrkje og skule.

Vi har samarbeidd godt. Vi har eit godt tilhøve til skulane. I den nye planen for samarbeid skule kyrkje som vart vedteken i kommunestyret i fjor vert det sagt at vi skal halda på to skulegudstenester både til jul og til påske.

Til jul laga skulane ei flott julekrybbe til kyrkja, i stor målestokk, og den vart ståande i kyrkja gjennom heile juletida, den var viktig i gudstenestene i denne tida.

Avslutning/utfordringar

Særlege utfordringar er personalsituasjonen. Vi manglar fast organist, og det er nær 3 år sidan vi hadde organist på plass som fungerte skikkeleg. Ein fast organist vil ein venta samarbeider med prest og dei andre som gjer teneste (sjølv sagt), men og med lokale song og musikk krefter som kan vera med og gjera gudstenestene våre endå rikare.

No har eg peikt på noko av det arbeidet vi står i. Eg opplever stadig at det å vera sokneprest på Fitjar er ei rik og god teneste å stå i.

Så håpar eg at vi til tider kan vera nøgde sjølv om her stadig er mykje å ta tak i. Vi opplever nemleg mykje av Guds godleik på Fitjar, kanskje skulle vi bli flinkare til å feira det?

Fitjar 03.02.11

Olav J. Oma, sokneprest.